

Sogn Regionråd

Sogndal, 26. november 2018

Søknad om tilskot for 2019 og 2020

Visit Sognefjord AS søker om tilskot på kr. 250 000,- per år for 2019 og 2020 til internasjonal og nasjonal marknadføring av Sognefjorden og reiselivsproduktene i Sogn.

Visit Sognefjord har frå 2013 – 2016 vidareført marknadsarbeidet frå reiselivslaga og gamle Visit Sognefjord. Vedlagt følgjer forretningsplan for 2015 - 2019 og tiltaksplan m/budsjett for 2018/2019. Marknads- og tiltaksplan med budsjett for 2019 vert basert på planen for 2018 og er klar innan 15.12.18.

Hovudmålet til Visit Sognefjord i perioden 2015 – 2019 er auke frå 630.000 til 690.000 gjestedøgn og bidrag til auka lønsemd i reiselivsnæringa. Veksten skal kome heile året, med størst del på haust, vinter og vår. Visit Sognefjord sitt marknads- og utviklingsarbeid skal gi grunnlag for høgare omsetning, lønsemd og sysselsetting i regionen, i tillegg til forsterka omdømme som bu-, arbeids- og opplevingsregion (ref. § 3 «Føremål» i vedtektene). Overordna vekstmål fordelt på årsperiode og nasjonalt/internasjonalt marknad:

	2014 Norge	2019 Norge	Auke Gj.dg.	% auke	2014 Utland	2019 Utland	Auke Gj.dg.	% auke	2019 Sum	Sum auke	% auke	2017 Sum
Mai	27.000	35.500	8.500	5%	21.750	25.200	3.450	3%	58.500	9.750	5%	71.652
Sommar	130.000	175.000	45.000	6%	238.000	318.000	80.000	6%	465.000	97.000	6%	500.487
Sept.	23.000	26.000	3.000	2,5%	21.300	24.000	2.700	2,5%	48.900	4.600	2,5%	-
Okt.	13.000	16.600	3.600	5%	4.670	6.860	2.190	8%	22.275	4.484	6%	-
Vinter	42.000	49.100	7.100	6%	10.000	13.350	3.350	6%	60.100	8.100	6%	61.558
Sum:	235.000	302.200	67.200	5,7%	295.720	387.410	91.690	6,2%	689.610	158.890	6%	747.509

Tabell: Auke i gjestedøgn per måned og sesong i perioden 2015 – 2018 med gjennomsnittleg % vrisauke per år ¹

Veksten frå 2015 til 2017 var samla vore 7% høgare enn målsettinga som er sett for 2019 (747.509 gjestedøgn mot målsettinga om 689.610), inklusiv auke utover målsettinga i mai og vintermånadene.

Selskapet har følgjande finansieringsplan frå 2015 – 2019 (uavklara postar merka med raudt):

Inntekt (netto)	Prospekt 2014	Avvik 14 - 18	2016	2017	2018	2019	2020
Kommune	3.465.000	410.000	3.690.000	3.780.000	3.875.000	3.971.000	4.070.000
Næringa	2.100.000	750.000	2.250.000	2.663.000	2.850.000	3.000.000	3.075.000
Regionrådet	240.000	10.000	240.000	250.000	250.000	250.000	250.000
Fylkeskommunen	1.500.000	-445.000	1.250.000	1.175.000	1.055.000	1.055.000	0
Provisjon	1.200.000	-1.125.000	250.000	140.000	75.000	75.000	75.000
Annonsering	900.000	-500.000	400.000	400.000	400.000	400.000	400.000
Prosjekt	600.000	-100.000	700.000	500.000	500.000	250.000	250.000
Sum:	10.005.000	-1.000.000	8.780.000	8.908.000	9.005.000	9.001.000	8.120.000

På generalforsamlinga i 2016 vart det lagt opp til ein ytterlegare auke frå 5% til 10% årleg auke i marknadsbidraga frå næringa og auke annonse- og prosjektinntekter i perioden. Dette vert truleg føreslege forlenga for tre nye år frå 2020 – 2022 på generalforsamlinga i 2019 :

	2015	2016	2017	2018	2019
5% årleg auke	2.000.000	2.100.000	2.205.000	2.315.000	2.431.000
10% auke	2.000.000	2.200.000	2.420.000	2.662.000	2.928.000
Auke frå 5 – 10%:		+100.000	+215.000	+347.000	+497.000
Bedriftseksempel:					
5% årleg auke	10.000	10.500	11.000	11.600	12.155
10% auke	10.000	11.000	12.100	13.300	14.640
Auke frå 5-10%:		+500	+1.100	+1.700	+2.485


Tabell: Marknadsbidraga frå næringa vert auka med 10% årleg i perioden 2016 - 2019

Ved samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane til Vestland fylke i 2020 kjem truleg bidraget frå fylkeskommunen til å forsvinne. Dette utgjer ein årleg inntektsreduksjon for Visit Sognefjord på om lag kr. 1,1 mill. (11% inntektsreduksjon). Dette gjer at Visit Sognefjord framleis er avhengig av ekstern støtte for å halde oppe eksisterande aktivitetsnivå, og at det vere mogleg at me kjem tilbake til regionrådet med søknad om auka bidrag frå 2020.

Me vonar på positiv handsaming av søknaden.

Beste helsing,

Visit Sognefjord AS



Ståle Brandshaug
reiselivsdirektør

Vedlegg:

- Forretningsplan 2015 – 2019
- Budsjett 2018/2019 med marknads- og tiltaksplan